



Kinsarvik, 14.april 2008

## Melding om uttale til Forvaltningsreforma frå Hardangerrådet

Hardangerrådet handsama saka om Forvaltningsreforma i rådsmøte 10.04.08 og følgjande vedtak vart gjort:

Hardangerrådet har gått gjennom Høyringsframlegg til Forvaltningsreforma - Forslag til nye oppgåver til det folkevalde regionale nivået og vil med dette koma med følgjande uttale:

1. Hardangerrådet tilrår at Regjering og Storting står fram med leiarskap og etablerer 7 nye folkevalde regionale nivå i Noreg. Hardangerrådet ønskjer at det vert etablert ein sterk Vestlandsregion. Ein forsterka fylkesmodell vil ikkje vera ein framtidig sterk nok regional utviklingsaktør i eit regionalisert Europa.
2. Hardangerrådet har ingen merknader til dei overførte oppgåvene i Høyringsnotatet, men synes dette gir liten reell maktoverføring til det nye folkevalde regionale nivået. Hardangerrådet forventar at ei overføring av regionale vegar til Regionane vert følgt opp med nødvendig finansiering.
3. Hardangerrådet tilrår Regjering og Storting overføra følgjande oppgåver til det nye folkevalde regionale nivået:
  - Styringa over Innovasjon Noreg på regionalt nivå.
  - Alle utviklingsoppgåver og –midlar hos Fylkesmanns avdelingar, der Fylkesmannen sit att med alt tilsyns- og kontrollansvar på vegne av Staten.
  - Statens Vegvesen sine Regionvegkontor
  - Styringa av regionale Høgskular og Universitet.
  - Bestillaransvaret i Specialisthelsetenesta, Rusomsorg og Barnevern
  - Statlege tilskotsordningar og styring av kulturtilbod og kulturinstitusjonar.
  - Vurdera å overføra regionkontora til NAV og til NVE.Hardangerrådet føreset at staten også overfører investerings- og driftsmidlar til desse regionale oppgåvene.
4. Hardangerrådet oppmodar kommunane i Hardanger å stø opp om denne uttale og senda høyringsuttale.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Sølvi Lervik Lambrechts  
Sekretær

Kopi: Hordaland fylkeskommune v/fylkesordfører  
Hardangerkommunane

Hardangerrådet – Pb 78, 5782 Kinsarvik – Tlf.: 53 67 14 50 – Fax: 53 67 14 51

FNR: NO 980 045 412 – Bankgiro: 3450.35.55168

www.hardangerraadet.no – E-post: post@hardangerraadet.no

